



Tomta er klar og snart skal det byggjast for over 200 vinterfora sauer på Myklebust

**Det er ikkje berre gjennom sin organisasjon Bondelaget bøndene i Uskedalen tonar flagg og gjer seg gjeldande.**

**Dei gjer det i høg grad også kvar for seg. Investeringslysten er stor for tida, og det kjem til uttrykk gjennom mellom andre desse jordbruksrelaterte prosjekta:**

\* Olav Hjetland Bringedal skal byggja sauefjøs på Myklebust. Tomta er klår og byggjinga startar med det aller første.

\* Runar Myklebust utvidar arealet sitt og byggjer ny silo

' Tor Jarle Kjærland har fått løyve til å utvide driftsbygningen på Døsslandsido.

\* Tore Musland er igang med å byggja ny driftsbygning på Nedre Musland og har fått positiv støtte frå kommunen

\* Familien Miljeteig på Friheim har kjøpt nabogarden og skal satsa større, mellom anna på foredling av hjortekjøtt.

Jordbrukssjef Tore Eik har i samband med Musland-prosjektet halde fram at kommunen har som målsetting å oppretthalda eller aller helst auka kjøtproduksjonen. Prosjektet er såleis fullt i samsvar med både kommunale og overordna målsettingar, understrekar jordbrukssjefen.

Bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal er svært glad for at bøndene i Uskedalen tek ansvar i den aktuelle situasjon.

- For å kunne produsera kjøtt i framtida under tilhøve som lønar seg

økonomisk må ein satsa på meir rasjonelle driftsbygningar. Dei som ikkje gjer det no, kan risikera å måtte gje opp bondeyrket, seier Hjetland Bringedal til uskedalen.no

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen